

Lindebast

Raudlisteprojekt

Nord-Karmøy husflidslag

2017-2020



Henny Karin Drange, Sigrun Høydal Ebne
og Britt Gunnlaug Reigstad

Lind er eit varmekjært tre som er lite utbreidd i Noreg. Det er mest utbreidd i kystnære strøk i Sør-Noreg. Det har opp gjennom tidene vorte mest nytta på Sør-Vestlandet.

Lind er sett på som så nyttig at den har gitt namn til fleire stadar: Lindøy (på Karmøy), Lindanger (i Tysvær).

Det er eit treslag som har vorte nytta til mykje. Blada har vorte brukt som for, barken vart i dårlege tider nytta i bakst og basten har vorte laga tau av. Lindeveden er svært lett og vart difor mykje brukt i skaft (t.d. kniv-, rive- og ljåskaft). Veden er solid og vart blant anna nytta i møblar, hjul, tresko og linjalar. Brennverdien er rundt midt på treet og lind vart brukt til ovnsbakst.

Nord-Karmøy Husflidslag arrangerte i 2017 kurs i å lage tau av lindebast. Kursleiar var Samson Øvstebø frå Åkra i Kvinnherad.

Desse deltok på kurset: Henny Drange, Cathrine Glette, Kjell Ebne, Alfred Lie og Harald Ottøy.

Første samling var i medio juni fordi linda må sagst når sevja stig. Det veks ikkje mykje lind på Haugalandet. Me gjorde derfor avtale om å få beskjære nokre linder i ein privat hage.

Det vart skore stammar som var i armtjukkelse. Desse vart kutta i lengder opp mot halvanna meter. Basten finn ein nemleg mellom barken og veden.





Til denne del av prosessen treng du kniv, øks og tau.



Det vart skore to hakk i barken i eine enden av stokken. Det vart så laga spor i heile lengda på stokken.



Barken vart vrent av. Slik fortsette ein rundt stokken. Det er viktig at ikkje barkeremsene er breiare enn ei handsbreidd.



Basten heng fortsatt fast i barken.



Bark/bastremene vert bunta relativt laust saman i buntar som er om lag 15-20 cm i diameter. Dei må vere fast nok til ikkje å løsne og gli ut av bunten, men laust nok til at vatnet kjem godt innimellom.



Buntane vert frakta ned til ein kai i nabolaget. Både ferskvatn og saltvatn eignar seg. Det er viktig at det er rørsele i vatnet.



Det er viktig å ha søkke festa i buntane, for dei må vere under vatn heile tida. Me bruker gamle mursteinar som me bora hol i. Det må også festast med tau i land.



I løpet av dei neste 3-4 månadane må buntane «ristast» om lag ein gong i veka så vatnet kjem godt inn i bunten.



Tre måneder etter me la pilbarken i bløyt, tek me han oppatt. Det er tydeleg at basten har løyst frå borken. Litt bast må me bruke rive for å få tak i sidan den har glidd ut av bunten. Buntane vert kjørt til der ein skal arbeide vidare med dei.





Basten vert sortert frå barken og spylt med vatn. Den vert så lagt i ein balje med vatn for ikkje å tørka ut.



Me nyttar kniv til å dela basten i tynne remser på langs.



Reiskapen ein no nyttar er ei grein av rogn på om lag 1,5 m, med ein Y i enden (grein som går ut). I ande enden av greina, 1m frå y-en, er det sett inn ein pinne. Dette er vendepunktet.

Fleire lag med bast vert lagt dobbel over kvisten, men i ulike lengder slik at når ein skøyter på ny bast skjer det på ulike stader i tvinninga. Basten må gå flat inn i tvinninga. Den vert så tvinna saman og ein skøyter inn ny bast etter kvart.

Når ein har tvinna basten ei lende av greina går ein rundt den isette pinnen, snur ein greina og tvinner tilbake. Dette gjentek ein fleire gongar til ein har oppnådd ønska lengd.

For å lage eit tau på 1m med 2 kordeller («2-tråda») må du minst ha 2,1 m. Du må ha frå Y, nedom vendepunktet og tilbake til Y. For å lage eit med 3 kordellar («3-tråda») må ein ha ein lengde ned til hjelpepinne i tillegg.



Når me skal lage tauet ferdig ruller ein det først stramt inn på ei stor snelle. Det er viktig at ein ikkje løyser tauet frå Y-en.

Deretter rulles tauet på snellen ned og rundt den innsatte hjelpepinnen og en begynner å tvinne (slå) til tau med 2 kordeller. Når en kommer ned til Y-en og er ferdig, tas tauet av Y-en og enden av tauet smettes gjennom løkken som var tredd inn på Y-en



Stolte kursdeltagere med ferdige tau på 1 meter

I dag kan du sjå korleis lindebasttau vert laga om du treff på vikingvinna Henny Drange når du besøkjer vikinggården på Avaldsnes om sommaren. Der står ho og lagar tau av lindebast.

Kilder: Lind i bruk, Naturhistorisk museum <https://www.nhm.uio.no/besok-oss/botanisk-hage/avdelinger/arboretet/trar/lind/bruk/>

«Lind i norsk natur og tradisjon» Knut Nedkvitne og Johannes Gjerdåker, 1997, Norsk skogbruksmuseum